

Protokoll frå årsmøtet i Seniornett Førde 22. februar 2018

Møtestad: Viking

SAKSLISTE

Sak 0: Opning av årsmøtet 2018 ved styreleiar Gunnstein Kvåle

Leiaren ønskte velkommen til møtet. 26 frammøtte

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader

Sak 2: Val av møteleiar

Gunnstein Kvåle vart vald

Sak 3: Val av skrivar

Egil Nestande vart vald

Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Jon Gunnar Løland og Oddny Njøsen vart vald

Sak 5: Styrets Årsmelding for 2017

Leiaren las opp heile årsmeldinga, og bad deretter om ev. merknader til kvart avsnitt.

Det kom ingen vesentlege merknader, men Monrad hadde nokre tilleggsopplysningar:

- 121 medlemmer frå Seniornett Førde er registrert hos Seniornett Norge
- Førde kommune har ikkje søkt om midlar i samband med prosjekt Dighjelp med grunngjeving i at Seniornett Førde har eit godt tilbod
- For utarbeidning av ny nettside var Mediebruket i Førde billegast av alle tilbydarane

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

Sak 6: Fastsetting av kursavgift

Det oppsto heftig diskusjon til denne saka, der fokuset vart retta meir mot tid og måte for betaling enn sjølve satsen på avgifta. Diskusjonen enda med eit forslag om at kursavgifta skal betalast etter oppstart om hausten og gjelde for haustsemesteret det året og vårsemesteret neste år (gjelde for eit «skuleår»).

Vedtak: Kursavgifta skal betalst om hausten og gjelde for eit skuleår.

Styret hadde ikkje direkte forslag til kursavgift, men i budsjettet for 2018 var det rekna med uendra sats på kr 350. Gunnstein Kvåle foreslo å auke satsen til kr 400, der auken kunne gå til å justere opp godt gjersla for instruktørane.

Vedtak: Forslaget om auke til kr 400 fall med 12 mot 9 stemmer. Kursavgifta blir uendra kr 350.

Sak 7: Rekneskap og revisjonsmelding

Kasserar Marloes Vos presenterte rekneskapet som viser eit overskot på kr 35 809,39. Bokført kapital (bankinnskot) er kr 79 137,89. Ein vesentleg grunn til overskotet er god uttelling på tilskot. Dette gjeld både gjennom tilbakeføring på kr 150 av medlemskontingent til Seniornett Norge, kurstilskot frå VO-midlane og andre tilskot det var søkt om. Monrad Kolstad kom med ein merknad om at tilbakeføring på kr 150 av medlemskontingent til Seniornett Norge ikkje gjeld for direktemedlemmer.

Skanna kopi av revisjonsmeldinga frå Per Sverre Kvammen vart vist og opplesen.

Vedtak: Rekneskapet for 2017 vart einstemmig godkjent.

Sak 8: Budsjett for 2018

Kasseraren la fram eit budsjett som balanserer på kr 71 000. Kursavgift er innlagt med kr 25 000 for (skuleåret) 2017/2018, og denne er med få unntak alt betalt i 2018. På grunnlag av vedtaket i sak 6. om at kursavgifta skal betalast om hausten, vil dette medføre at det i rekneskapet for 2018 vil komme inn tilnærma dobbel kursavgift (betaling både vår og haust). Kasseraren foreslo derfor å justere opp budsjettet kursavgift med kr 10 000 til kr 35 000. Dette medførte også forslag om å justere tilsvarende på utgiftssida ved å auke posten «Godtgjersle til instruktørar...» med kr 10 000 til kr 35 000.

Vedtak: Med endringane skissert over vart budsjettet vedtatt mot ei stemme.

Budsjettet for 2018 ser dermed slik ut:

	Inntekter	Utgifter
Kursavgift 2017/2018	35 000,00	
Programvarer (inkl lisensar)	3 000,00	
Kaffipengar	24 000,00	
Tilskot	19 000,00	
Godtgjersle til instruktørar for utlegg		35 000,00
Servering		12 000,00
Utstyr		5 000,00
Annonser, kopiering, m.m.		5 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 500,00
Reiseutgifter		5 000,00
Lokalleige		15 000,00
Andre utgifter		2 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		500,00
Resultat		0,00
Sum	81 000,00	81 000,00

Sak 9: Val

Åse Kjærland la fram valnemndas innstilling, som var slik når det gjeld styret:

Styreleiar	Kolbjørn Bergset	ny 1 år
Styremedlem	Borgny England Slagstad	ikkje på val (1 år igjen)
Kasserar	Marloes Vos	attval 2 år
Varamedlem:	Hildur Hafstad Smådal	attval 1 år
Revisor:	Magnus Hope	ny 1 år

Alle styrevala var einstemmig

Valnemd:

Leiar	Anders Bergset	ny 1 år (benkeforslag)
Medlem	Jorunn H. Johansen	ikkje på val
Medlem	Åse Kjærland	ny 2 år
Varamedlem	Esther Skei Klausen	ny 1 år


Leiar i valnemnda vart vald mot ei stemme, ny medlem og varamedlem vart vald einstemmig.



Egil Nestande (referent)



Oddny Njøsen



Jon Gunnar Løland